

Organisert beitebruk – søknad om tilskot til drift av beitelag 2020

Tilskot til drift av beitelag er ein del av dei regionale miljøtilskota i jordbruket (RMP). Beitelaga kan søkje om driftstilskot innan 15. november.

Tilskotet vert utmåla per dyr som er sleppt på utmarksbeite og ikkje per heimsanka dyr som tidlegare. Satsane er på kr. 25,- for småfe og kr. 35,- for storfe/hest. Det er krav om nokre opplysningar som beitelaget må legge ved eller kommentere i søknaden for å få godkjent søknaden.

Vi gjer dykk spesielt merksame på kravet om tilbakemelding på:

- Dato for siste årsmøte (og evt. planlagd)
- Midlar på beitelagskonto per 1. november i søknadsåret.
- Informasjon som syner aktivitet i beitelaget, evt. bruk/planlagt bruk av midlane. Eventuelle utfordringar.

Dette kan beitelaget skrive inn i merknadsfeltet eller laste opp som vedlegg.

Vi set pris på om de òg skriv litt om dykkar vurdering av beitesesongen og tapstala.

Søknadsfristen er 15. november. Det vert trekt kr. 1 000,- per dag for søknadar som vert levert etter søknadsfristen. Søknader som vert levert seinare enn 14 dagar etter fristen vert avviste. Vi oppmodar alle om å søkje elektronisk via Altinn. Her finn de søknadsskjema og rettleiing til elektronisk søknad: [Søknadsskjema og rettleiing](#). Viss de har vore inne på søknaden ein gang og valt fylket, vil de finne att søknaden under *Registrerte søknadar* neste gang de går inn.

Søknadsinformasjon

Beitelaget må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret i Brønnøysund.

- Det er den som står som kontaktperson for laget i Brønnøysundregisteret som kan søke.
- Det er mogleg å delegere dette ansvaret (gjerast i Altinn). Dersom beitelagsleiaren er ny, må den tidlegare leiaren gi rettigheter til den nye leiaren.
- Medlemmane i beitelaget må ha organisasjonsnummer for at opplysningane skal kunne registrerast. Dette får dei ved å registrere seg i Einingsregisteret.

- Søknaden skal registrerast på den kommunen der hovuddelen av beitelaget sitt beiteområde er.
- Det er tal dyr sleppt på **utmarksbeite** (ikkje innmarksbeite) som skal registrerast.
- **Hugs tilleggsinformasjon (krav øvst i brevet) som de skal skrive i merknadsfeltet/legge ved.**
- Endringar i beitelagsområdet skal sendast separat til kommunen som følgjer opp slik at dette vert endra i beitelagskartet hos NIBIO.
- De kan finne meir informasjon om Organisert beitebruk på www.fylkesmannen.no/vl/rmp

Utbetaling av driftstilskot

Satsane for driftstilskotet er førebels på **kr. 25,-** per småfe, og **kr. 35,-** per storfe sleppt på utmarksbeite. Dyra må ha vore på utmarksbeite i minst 5 veker i løpet av beitesesongen. Tilskotet vert utbetalt til beitelaga i mars 2021.

Vilkår

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som er registrerte i Einingsregisteret og som har beitedyr i utmark. Beitelaget må ha minst 2 medlemmar, dyra må ha vore minst 5 veker på utmarksbeite, beitelaget må ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve (minimumskrav er felles ettersankedato for beitelaget/kommunen), og beitelaget må ha levert inn **tilleggsinformasjon** (krav øvst i brevet). Tapstal for beitelaget skal også vere rapportert (eige rubrikk i søknadsskjemaet).

Kva driftstilskotet kan brukast til

Tilskotet kan brukast til alle investeringar eller tiltak i regi av beitelaget som er positive for beitinga i utmark. Formålet med tilskotet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark og effektivt tilsyn med minst mogleg tap av dyr. Slikt samarbeid kan mellom anna gjelde tilsyn, sanking, transport av dyr og varer til og frå utmarksbeite, rydding av stiar, etablering og vedlikehald av gjerde mot og i utmark, bruer, sankekveer, ulike installasjonar, fagmøte, innkjøp av hjelpemiddel med meir (NB! Opplistinga er ikkje uttømmende).

I tillegg til at driftstilskotet kan brukast til fellestiltak for heile eller deler av beitelaget, kan og einskildmedlemmane søke beitelaget om støtte til private investeringar eller tiltak som er positive for beitebruken i utmark. For større investeringar og tiltak kan beitelaget søke kommunen om investeringsstøtte i tillegg til driftsstøtta. Både investeringsstøtta og driftsstøtta skal brukast til tiltak i utmark, ikkje på innmark.

Organisering av beitelaga

Eit beitelag kan omfatte eit større geografisk område slik at også føretak som er åleine i sitt utmarksområde også kan vere medlem i eit beitelag. Nokre beitelag omfattar heile kommunar. Det vil variere mellom beitelaga i kor stor grad samarbeid kring organisert tilsyn og sanking kan utførast grunna dyr i ulike beiteområde, men minimumskravet er felles ettersankedato for beitelaget eller kommunen.

Spørsmål

Eventuelle spørsmål kring søknaden om tilskot til drift av beitelag (Organisert beitebruk) kan rettast til kommunen.

Søknad om rovvilterstatning 2020

Fylkesmannen minner om at søknadsfristen for søknad om rovvilterstatning er **1. november**. Søknad må sendast inn i det elektroniske søknadssenteret på Miljødirektoratet si heimeside, sjå: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>